



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** , Uppheim i Volda  
**Dato:** 31.08.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

| Namn                            | Funksjon  | Representerer |
|---------------------------------|-----------|---------------|
| Jørgen Amdam                    | Leiar     | AP            |
| Fride Schjølberg Sortehaug      | Nestleiar | V             |
| Hild Våge                       | Medlem    | AP            |
| Magnar Sunde                    | Medlem    | AP            |
| Margrete Trovåg                 | Medlem    | AP            |
| Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid  | Medlem    | AP            |
| Bjørn Ytrestøyl                 | Medlem    | AP            |
| Roald Arnold Espset             | Medlem    | FRP           |
| Sindre Kvangarsnes              | Medlem    | FRP           |
| Dan Helge Bjørneset             | Medlem    | H             |
| Sindre Rotevatn                 | Medlem    | H             |
| Per Svein Krøvel                | Medlem    | H             |
| Arild Iversen                   | Medlem    | KRF           |
| Margrete Bjerkvik               | Medlem    | KRF           |
| Anders Egil Straume             | Medlem    | KRF           |
| Henning Holsvik møtte kl. 16.30 | Medlem    | KRF           |
| Erlend Koppen                   | Medlem    | KRF           |
| Erlend Krumsvik                 | Medlem    | KRF           |
| Øyvind Festø                    | Medlem    | MDG           |
| Sølvi Dimmen møtte 14.10        | Medlem    | SP            |
| Rebecca Riise Bjerknes          | Medlem    | SP            |
| Gunnar Strøm                    | Medlem    | SV            |
| Åshild Vik                      | Medlem    | SV            |

Faste medlemmer som ikkje møtte:

| Namn               | Funksjon | Representerer |
|--------------------|----------|---------------|
| Odd Harald Sundal  | Medlem   | SP            |
| Benedikte Holmberg | Medlem   | V             |
| Odd Arne Folkestad | Medlem   | FRP           |
| Edvin Dale         | Medlem   | FRP           |



## VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

| Namn             | Møtte for          | Representerer |
|------------------|--------------------|---------------|
| Egil Berg        | Edvin Dale         | FRP           |
| Harald Ola Søvik | Odd Arne Folkestad | FRP           |
| Idar Flo         | Benedikte Holmberg | V             |

Frå administrasjonen møte:

| Namn                    | Stilling                              |
|-------------------------|---------------------------------------|
| Rune Sjurgard           | Rådmann                               |
| Regine Solberg Aklestad | Planleggar, FO 1/17                   |
| Inger-Johanne Johnsen   | Sektorsjef kultur og service PS 92/17 |

### PS 90/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Handsaming:

Det var 24 møtande ved møtestart.

#### Utdelte dokument:

Svar på interpellasjon frå Roald Espset, Volda FrP, Miljøreining Øyraelva og tilknytte vassdrag.

#### Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 24.08.2017. Møtet vart annonsert i «Møre» den 26.08.2017.

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

#### Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at interpellasjonen frå Roald Espset vert handsama kl. 15.30 og at OS 45/17 vert trekt frå saklista.

#### Røysting:

Saklista, med endring frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

#### Musikkinnslag frå Volda kulturskule

Kulturskulen hadde eit musikkinnslag innleiingsvis i møtet. Maria Kolbræk og Birte Humberseth Osdal spelte to melodiar på tverrfløyte, saman med rektor Einar Opsvik på piano.



**PS 91/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Handsaming:**

Møteprotokollen frå sist møte den 22.06.17 vart samrøystes godkjent.

Sølvi Dimmen, Sp, møtte kl. 14.10, det var 25 røysteføre i møtet.

**OS 44/17 Utdeling av kulturprisen**

**Handsaming:**

Ørsta og Volda ballettskule fekk utdelt kulturprisen. Rektor for ballettskulen, Synnøve Rekkedal Hill, takka for prisen og held ei orientering om ballettskulen.

**PS 92/17 Kulturmidlar - Volda kommune - prinsipp for tildeling**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

**Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda**

- 1) Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.*
- 2) Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemskap, vedtekter og vald styre.*
- 3) Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år( med unntak av 2017). Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den ordinære tildelinga.*
- 4) Gjenståande midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.*
- 5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 6) Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.*
- 7) Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.*
- 8) Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreiningar.*



## VOLDA KOMMUNE

- 9) *Søklar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.*
- 10) *Søknad skal og innehalde prosjektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.*
- 11) *Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.*

### **Handsaming:**

Kultur- og servicesjef Inger-Johanne Johnsen, var til stades under handsaminga av saka.

Dan Helge Bjørneset bad om punktvis røysting.

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om nytt punkt 12:

*Tenesteutval for oppvekst og kultur gjer endeleg vedtak om kulturmidlar etter tilråding frå administrasjonen.*

### **Røysting** (25 røysteføre):

Punkt 1-5 vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 fekk 24 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Punkt 7-9 vart samrøystes vedteke.

Punkt 10 fekk 24 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Punkt 11 fekk 24 røyster og vart vedteke, ein røysta imot.

Nytt punkt 12, fremja av Margrete Bjerkvik, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i kommunestyret - 31.08.2017:**

#### **Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda**

- 1) ***Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.***
- 2) ***Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemskap, vedtekter og vald styre.***
- 3) ***Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år( med unntak av 2017). Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den***



## VOLDA KOMMUNE

*ordinære tildelinga.*

- 4) Gjenstående midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.*
- 5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 6) Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.*
- 7) Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.*
- 8) Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreiningar.*
- 9) Søkjar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.*
- 10) Søknad skal og innehalde prosjektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.*
- 11) Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.*
- 12) Tenesteutval for oppvekst og kultur gjer endeleg vedtak om kulturmidlar etter tilråding frå administrasjonen.*

### **PS 93/17 Folkestad skule - nærmiljøanlegg**

#### **Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:**

- 1. I samband med etablering av nærmiljøanlegg ved Folkestad skule, vert det løyvd inntil kr 145 000,- som forskottering av spelemidlar til anlegget. Løyvinga/forskotteringa vert dekt ved ubunde kapitalfond.*
- 2. Ved utbetaling av spelemidlane skal midlane attendeførast til ubunde kapitalfond.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (25 røysteføre):**



## VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 31.08.2017

- 1. I samband med etablering av nærmiljøanlegg ved Folkestad skule, vert det løyvd inntil kr 145 000,- som forskottering av spelemidlar til anlegget. Løyvinga/forskotteringa vert dekt ved ubunde kapitalfond.*
- 2. Ved utbetaling av spelemidlane skal midlane attendeførast til ubunde kapitalfond.*

### PS 94/17 Vidareføring av folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune

#### Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:

- 1. Volda kommunestyre viser til vedteken "Kommuneplan for Volda – samfunnsdelen – 2016 -2028" der det heiter at folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp og at kommunen skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.*
- 2. Volda kommunestyret meiner at folkehelse- og frisklivsarbeidet treng aktivt og tverrfagleg fokus med god koordinering og involvering av innbyggjarane. Kommunestyret ser det som viktig å vidareutvikle folkehelsearbeidet i tråd med tidlegare tradisjon og ønskjer samstundes å tilrettelegge for god drift av frisklivssentralen i Volda kommune.*

*Dette kan gjerast ved å samordne funksjonane som folkehelsekoordinator og frisklivssentral i ei 100 % stilling. Kommunestyret sluttar seg til denne modellen slik den er skissert i saksutgreiinga.*

- 3. Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*

#### Handsaming:

#### Røysting (25 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 31.08.2017

- 1. Volda kommunestyre viser til vedteken "Kommuneplan for Volda – samfunnsdelen – 2016 -2028" der det heiter at folkehelse skal vere eit overordna og førande prinsipp og at kommunen skal ha eit "frisk-fokus" og meistringsperspektiv i alt vi gjer.*



## VOLDA KOMMUNE

- 2. Volda kommunestyret meiner at folkehelse- og frisklivsarbeidet treng aktivt og tverrfagleg fokus med god koordinering og involvering av innbyggjarane. Kommunestyret ser det som viktig å vidareutvikle folkehelsearbeidet i tråd med tidlegare tradisjon og ønskjer samstundes å tilrettelegge for god drift av frisklivssentralen i Volda kommune.*

*Dette kan gjerast ved å samordne funksjonane som folkehelsekoordinator og frisklivssentral i ei 100 % stilling. Kommunestyret sluttar seg til denne modellen slik den er skissert i saksutgreiinga.*

- 3. Kommunestyret ber administrasjonen definere målsetting for funksjonen og gjennomføre evaluering, der det som del av evalueringa skal vurderast om målgruppa for Frisklivssentralen sitt arbeid blir avgrensa til barn og unge og deira familiar.*

### Grunngeve spørsmål - interpellasjon

#### FO 1/17 Interpellasjon - Miljøreining Øyraelva og tilknytte vassdrag

#### Handsaming:

Roald Espset, Volda FrP, leverte 23.08.17 interpellasjonen: Miljøreining Øyraelva og tilknytte vassdrag, med følgjande framlegg til vedtak:

- 1. Kommunestyret syner til gjentekne tilfelle av akutt ureining av vassdrag frå Håmyr-/Smalebakkenområdet og ned til og med Øyraelva som følgje av utbygginga i første nemnde område. Kommunestyret pålegg administrasjonen å syte for at uteininga i, og frå, området opphøyrer med umiddelbar verknad.*
- 2. Kommunestyret ber administrasjonen pålegge tiltaksansvarleg å legge fram plan og gjennomføre tiltak for å sikre at slik ureining ikkje oppstår i noko form eller omfang. Frist for gjennomføring av tiltak vert å sette til 14 dagar frå d.d.*
- 3. Dersom nye tilfelle av ureining oppstår, uavhengig av fristen i punktet over, skal administrasjonen legge ned påbod om umiddelbar byggestans i prosjektet fram til nødvendige tiltak er stadfesta prosjektert, gjennomført og godkjent av Miljøavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune eller tilsvarande.*
- 4. Ved nye tilfelle av uteining vert utbygger pålagt å erstatte kostnader ved gjenoppretting av skadde naturkvalitetar. Erstatningsansvaret vil og gjelde allereie påkomen skade. Om juridiske mogleg skal stadfesting på slikt erstatningsansvar frå utbygger ligge føre før byggestans skissert i punktet over vert heva.*

Planleggar Regine Solberg Aklestad svara på interpellasjonen.

Ordføraren var i mot realitetshandsaming i kommunestyret, og kom med slikt framlegg:

*Interpellasjonen vert å sende vidare til formannskapet for vidare handsaming.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting:**

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Kommunestyret - 31.08.2017**

*Interpellasjonen vert å sende vidare til formannskapet for vidare handsaming.*

### **PS 95/17 Grendautvala i Volda kommune - 2017**

#### **Tilråding i formannskapet - 22.08.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017.*

*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting (25 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i kommunestyret - 31.08.2017**

*Kommunestyret godkjenner val av nye medlemmer og varamedlemmer for grendautvala for 2017.*

*Kommunestyret ber om at grendautvala som ikkje har kravt nye val, gjer det. Ordføraren får fullmakt til å godkjenne supplerande val.*

### **PS 96/17 Orienteringssaker**

**OS 46/17 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Nye Volda kommune - søknad om unntak frå felles kommunestyremøte**





## **VOLDA KOMMUNE**

**OS 47/17 Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman**

**OS 48/17 Revidert lønspolitikk, 2017 - 2019**

**OS 49/17 Kontrollutvalet - Sak 23/17 Oppfølging VO 30-16 Forvaltningsrevisjonsrapport barnevern tiltak - tilsyn - rutiner**

**OS 50/17 Campusutvikling på høgskulen i Volda - Byggjeprogram - høyring**

Arild Iversen, KrF, kom med merknad til orienteringssaka. Kommunen må syte for å få dekt opp dei behova kommunen har i prosjektet, samt ha økonomisk kontroll. Rådmannen svara på merknadane frå Arild Iversen.

Henning Holsvik møtte kl. 16.30, det var soleis 26 røysteføre i framhald av møtet.

**OS 51/17 Informasjon om endringer i ekteskapsloven – Kommunale vigsler**

**PS 97/17 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.



## VOLDA KOMMUNE

### Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 115/17 Mellombels bruksløyve Gbr 2/118  
DS 116/17 Løyve til endring, plassering av bustad Gbr 2/118  
DS 117/17 Ferdigattest, støttemur Gbr 6/19  
DS 118/17 Ferdigattest, modulbygg Mork skule Gbr 12/46  
DS 119/17 Ferdigattest, levegg Gbr 13/128  
DS 120/17 Endring -og Igangsettingsløyve Gbr 12/46  
DS 121/17 Løyve til tiltak firmannsbustadar Gbr 17/162  
DS 122/17 Løyve til tiltak, støttemur gbr 17/94  
DS 123/17 Ferdigattest, rehab. pipe Gbr 41/1  
DS 124/17 Løyve til tiltak, rehabilitering samfunnshuset Gbr 19/503/13/0  
DS 125/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 27/107  
DS 126/17 Mellombels bruksløyve Gbr 30/422  
DS 127/17 Mellombels bruksløyve, bustad Gbr 18/8  
DS 128/17 Løyve til tiltak, påbygg+veranda Gbr 30/146  
DS 129/17 Mellombels bruksløyve, tilbygg Gbr 46/2  
DS 130/17 Ferdigattest naust Gbr 45/9  
DS 131/17 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 108/2  
DS 132/17 Mellombels bruksløyve Gbr 30/422 seksjon 1-8 og 14-18  
DS 133/17 Ferdigattest, tilbygg Gbr 157/15  
DS 134/17 Ferdigattest, bustad Gbr 160/33  
DS 135/17 Dispensasjon frå TEK 10

Møtet slutt kl. 16:40

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
01.09.2017

Sonja Håvik  
konsulent